



RANDI BJØRLO
randi@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 70



ATLE VAAGE
atle@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 71



ARTHUR KLEIVELAND
arthur@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 74



Kvernhusmyrane 29, Knarvik senter - 5914 ISDALSTØ - TLF: 56 35 55 55 - FAX: 56 35 55 56 - avisa@nordhordland.no

Nysgjerrig- per

Barn har evna til å undra seg over ting og til å stilla spørsmål i håp om å få svar. Som vaksne synest vi gjerne at dei håpefulle kan bli irriterande forvetne av og til - utan at vi reflekterer over at vi sjølv ikkje har den same evna til å undrast og la oss begeistra lenger. Noko viktig har gått tapt på vegen mot voksenalivet.

Denne veka vart årets nysgjerrigperar kåra, i Norges forskningsråd sin konkurranse i barneskulen. Vinnarprosjektet forska på kvifor gamle menneske krympar. Elevar frå Bruvik skule på Osterøy fekk andrepris for deira forskning kring kallenamn i heimbygda.

Det manglar ikkje på forskartrøng og fantasi. Og det bør ikkje vera tvil om at det ligg eit omfattande arbeid bak. Elevane har måtta bruka kunnskap frå fleire fag, i tillegg til metodar som ikkje er vanlege i undervisninga. Forskinga har bidratt til å gje dei ein spennande skulekvardag, der dei har hausta ny kunnskap. Ein greier ikkje fanga alle med slike prosjekt, men kanskje treff dette dei som elles slit med å tilpassa seg kvardagen i klasserommet.

Barn si nysgjerrigheit er ei enestående drivkraft for læring. Men for at den skal kunna få "fritt utløp", er ein avhengig av engasjerte lærarar. Lærarar som brenn for å gje skuledagen det lille ekstra som skal til, som løftar basiskunnskapen ut av læreboka og over i praktiske oppgåver som elevane kan identifisera seg med og som gir spenning, glød og begeistring.

I desse dagar ser vi mange dome på kreative og imponerende prosjekt i skulane i vårt distrikt. Elevane får utfalda seg på ulike arenaer. Vi veit og at det finst nysgjerrigperar her i regionen, sjølv om dei ikkje viser igjen blant dei premierte denne gongen. Dei treng ikkje ein gong ha vore med i konkurransen.

Elevane veks med oppgåvene. Og vi føler oss ganske sikre på at lærarar som brukar tid, engasjement og krefter på å gje elevane ei utradisjonell og motiverande utfordring, har igjen for det lenge etter at prosjektet er avslutta.



FANTASTISK OPPLEVING: - Turen sålangt har vore ei fantastisk oppleving, seier Erik. Han har ikkje hatt noko uhell, men har lagt vêrfast nokre dagar.

Skandinavia rundt i kajakk

Danske Erik passerte Nordhordland på onsdag

MELAND: Han starta ved Jacobselv i Finnmark 5. april. Onsdag gjorde den danske paldaren Erik B. Jørgensen strandhogg på Fløksand.

RANDI BJØRLO
randi@nordhordland.no


«Nu var jeg endelig alene og på tur. Nu kunne mit eventyr starte. Tænker altid på hvor dejligt det er at komme i gang nu

kan jeg ikke forberede mig bedre, tingene er som de er, nu det bare af sted.»

Sånn beskriv danske Erik B. Jørgensen starten på den fantastiske turen han la ut på 5. april, og som han har gitt seg eit halvt år på å fullføra. Nh møtte den spreke padlaren onsdag då han overnatta på Fløksand for han la i veg inn til Bergen, der han skal bu på hotell i lag med familien sin denne helga. Dei har han ikkje sett på meir enn to månadar.

Venta på vêret

- April var faktisk ganske bra, og det leng-



ste eg har lagt vêrfast, er to og ein halv dag, seier Erik. Dei to siste vekene i mai var det mykje vind, og ein del dagar med venting på at det skulle stilna. Så langt held han likevel planen.

Dagleg oppdatering

Erik sin knallraude kajakk er lasta med om lag 50 kilo utstyr. Han har telt og brennar, og mykje elektronikk; ipad, computer til daglege kapittel i dagboka, to mobiler og eit 12 volts batteri frå ein snøscooter som held han med straum i fem dagar.

Mektige inntrykk

Han fortel om ein flott tur der han har vore invitert heim til padlarar og andre



GRO ANETTE FANEBUST KITTANG
gro@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 73



ENDRE HOILAND
endre@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 77



DAGRUN STOKKE
dagrun@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 75

Kjem ut onsdag og lørdag • Sjå www.nordhordland.no for prisar og info. Redaktør Randi Bjørlo: 56 35 55 70 - Marknadssjef Roger Myhr: 56 35 55 60

Fokus på Flatøy-buss

Fylkeskommunen slår fast at det er viktig å halda oppe trykket for å sikra løysingar med gode knutepunkt for kollektivtrafikk. Flatøy er eit av punkta rundt Bergen kor ein ønskjer å få fortgang i arbeidet terminalar og parkering.

PFU Nn ønskjer å retta seg etter reglar for god pressetikkk slik desse er nedfelt i Værvarsom-plakaten. Om nokon meiner seg ramna av urettmessig omtale, oppgjørar vi dei om å la kontakt med redaksjonen. Det er også høve til å reisa klage for Pressens Faglige Utvalg, Blåttorgst. 17, pb. 46 Sentrum, 0101 Oslo, tlf. 22 46 50 40. Epostadresse: pfu@pfu.no
Arkivering og avfotografering Nn tar utvanna rett til å arkivera og distribuera stoff som blir kjøpt eller utgitt av Nn, elektronisk eller annan form - anten gjennom eigen database- eller gjennom samarbeidsparatar som avisa har avtale med. Avfotografering av stoff og annonsar for vidare produksjon er ikkje tillate utan etter avtale med Nn.

TIPS OSS!
916 20 916

Fleire får talerett i kommunestyret

AUSTRHEIM: Formannskapet går inn for at ein gjer endringar i reglementet for kommunestyret. Regel-endringane skal sikra at fleire interessegrupper vert høyrte. Både ungdomsrådet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsemne, skal ha talerett i saker som angår dei særskilt. Samstundes får dei tre råda også retten til å koma med framlegg i dei same sakene. Eit samla formannskap går inn for endringa.

Søker om å få utvida kai på Skotholmen

FEDJE: Eigaren av ein kai på Skotholmen søker kommunen om løyve til å få utvida storleiken på kai-anlegget. Av søknaden går det fram at planen er å bruka jernbaneskinner som fundament, og at kaien får solid treplank som dekke. Skotholmen ligg på nordsida av kyrkjevågen, like ved innseglinga til Fedje. Søknaden har førebels ikkje vore til handsaming.

10 000 til TV-aksjonen frå Austrheim

AUSTRHEIM: 10 000 er Austrheim si løyving til TV-aksjonen i år. Formannskap har også valt komite for aksjonen. Leiar vert varaordføraren. Han får med seg sekretær: Rigmor Ludvigsen, eit medlem utpekt av Lindåsneset Sanitetsforeining, eit medlem utpekt av Årås Sanitetsforeining og eit medlem utpekt av Kvinne og familielaget. I tillegg er folkehelsekoordinatoren med.

Må grava for 110 000 på Ulvøy

AUSTRHEIM: Det vert jobba for å etablere eit friluftsområde på Ulvøy, men for ein kan gjera dette må det gjennomførast arkeologiske utgravingar. Formannskapet løyvede i sitt møte denne veka 110 000 for å få gjort dette arbeidet. Ulvøy ligg mellom dei to bygdesentra på Årås og Kaland, like nord for Kjelstraumen. Området er lite utbyggt, og det har vore stor semje om å få til eit friluftsområde her.



SKANDINAVIA RUNDT: Erik B Jørgensen padlar skandinavia rundt. Onsdag gjorde han strandhogg på Fløksand.

ulike stader og der intrykka er mange og store.

- Det er fantastisk å sjå kor stort landet er, og korleis årstidene skifter. Nyansene, dyrelivet og alle dei små opplevingane undervegs set eg utruleg pris på, seier han.

Ideen om å padla Skandinavia rundt fekk han etter å ha padla Danmark rundt under tøffe forhold i fjor vinter, og ein då utfordra han på tull om at heile Skandinavia måtte bli det neste.

Ein livsstil

Bøker og foredrag er livsgrunnlaget for den aktive karen, og det har blitt nokre foredrag på turen også, i tillegg til at han har ein del sponsorar.

- Eg snakkar mest om min eigen motivasjon og om samarbeid frå egne opplevingar. For eg har ikkje alltid vore åleine på eventyra mine, seier han.

Struktur på dagane

Bakgrunnen har han frå mange år i Spesialstyrkene, det var og der han traff kona si.

- Eg trur ikkje ho er redd for meg no, berre litt spent på dei farlege plassane, seier Erik. Han startar dagen i femtida og etter halvannan times klargjering, legg han i veg på sine 10 timar i kajakken.

-Eg padlar ein time før eg tar ei kort pause og får i meg litt næring, seier han. Cola og yoghur er bankers.

Handling og fylling av vatn gjer han

der det er mogleg. Nokre dagar har vindforholda ført til at han har padla på natta istaden.

Jobben som påskudd

Kva vert neste prosjekt?

- Eg skal tilbake til Grønland i 2013. Elles vert det turar kvart einaste år. Eg ser dette som ein del av jobben min, og brukar det som påskudd for turane, seier karen som har hóp om å få familie med etterkvart.

- Mottoet mitt er at eventyr startar i din bakhage. Det er berre å koma seg ut, seier Erik B. Jørgensen.

Turen hans kan du følgja på www.komud.dk